

Bakgrunnsvedlegg til innspel om føremålsendring for Gard 40/8, Hodneland 159, 5957 Myking, Lindås Kommune.

Underteikna kjøpte eigedomen i 2011 frå buet etter 'Mosse' Helene Hodneland. Sidan den tid er desse tiltaka utførte på garden:

- **Innmark** er grøfta og drenert for om lag kr. 140.000,-
- **Løa** er utbetra med nytt tak og nye golv, vindauge og vedskjul er restaurert, med om lag kr. 160.000,-
- **Hovudbygning** er utbetra: Halve skifertaket lagt om, kister og kledning reparert, full rehabilitering innvendig, nytt bad og opprusta kjøken. Alle vindauge er restaurerte med noko tilskot frå Kulturminnefondet. Til saman har det kosta om lag kr. 1,3 mill. (I tillegg kjem eigeninnsats og material frå eigen eigedom).
- **Hagen** er opparbeidd med ein god del nye vekstar. Gjerde rundt hage og innmark er sett i stand og delvis fornya, med nye grinder og le.
- **Uthusa** er reparerte og sikra.
- Innmark er slått kvart år, men avlinga har dei siste 2 åra ikkje vorte nyttta.

Garden har, inntil for 2 år sidan, vore nyttta som tilleggsjord til Gard 40/9. Dette tok slutt då kvaliteten på for og beite har vorte därleg på grunn av våte sumrar og därleg drenering. Det gror til med lyssiv og høy mole. Jorda er også så blaut at det kan vere vanskeleg å kjøre traktor utover jorda ikkje ber.

Sidan garden i seg sjølv ikkje er drivverdig og eg ikkje har inntekter av den, er det uråd for meg å oppretthalde nødvendig stell og vedlikehald av areala. Eg er særstakt oppteken av å verne kulturlandskapet i størst mogeleg grad og ønskjer med tida å busetje meg her og drive småskala land- og hagebruk.

Av eigedomen er det 2,6 daa som allereie er regulert til fritidsføremål. Dei resterande 25 daa består av ca 5 daa skog, myr og berg og omlag 20 daa innmarksbeite og slåttemark.

I randsonen av eigedomen er det hytte- og heilårsbustader. For nokre, som gard 40/18 skulle det vore gjort ei grensejustering då hytta delvis ligg inn på gard 40/8.

Ved å gjere mogeleg sal av nokre fleire eigedomar i randsona, vil eg kunne få inntekter til drenering. Dei tenkte eigedomene ligg der det i dag er skog og bergknausar.

Sjå også vedlagt kart som viser korleis gard 40/8 kan nyttast i framtida.

Eg ber Lindås Kommune om å vurdere ei endring av planstatus for eigedomen til «byggjeområde for bustad/fritidsbustad» slik at eg får ein reell mogelegheit til å gjennomføre regulering av eigedomen.

Venleg helsing

Anne Betty Hodneland